



Status og råd

Det er vanskeleg å skilje dei ulike torskestammene i Nordsjøen, Skagerrak og Den austlege engelske kanal, og difor vert dei handsama som ein bestand når bestandsstorleik, fiskedøyringsrate og total kvote skal reknast ut.

ICES konkluderer at gytebiomassen har auka sidan det kritisk låge nivået i 2006 og ligg no i nærleiken av kritisk nivå, men er framleis vel under føre-var-nivået. Fiskedøyringsraten har avteke etter 2000 og er no under føre-var-nivået. Rekrutteringa etter 2000 er vurdert å vera dårleg, dette har kanskje samanheng med endringar i fødetilgangen for torskelarvar og auka predasjonspress.


Ein ny forvaltingsplan vart innført av Noreg–EU i januar 2013. Den blir vurdert som føre var av ICES, under føresetnad av at han vert implementert perfekt. Vi har no ein situasjon der gytebiomassen er slik i høve til til føre-var-nivået at langtidsdelen av forvaltingsplanen skal brukast. Dersom det ikkje vert endring i utkast, skal landingane i 2014 vere 28 809 tonn, og total fangst mindre enn 37 496 tonn. Forhandlingane som avgjer fordelinga mellom Noreg og EU er i skrivande stund ikkje ferdige.

Torsken i Nordsjøen, Skagerrak og Den austlege engelske kanal vert forvalta kvar for seg. I Nordsjøen vert torsken delt mellom EU (83 %) og Noreg (17 %).

Samla kvote (konsumfiske) for Nordsjøen og Skagerrak var 30 258 tonn i 2012. Med utkast (24 % av totalt uttak, i vekt 10 400 tonn) var total fangst (inkludert Kanalen) berekna til 43 608 tonn. Noreg landa om lag 5 000 tonn.

Fiskeri

Torsk vert for det meste teken i blandingsfiskeri med trål saman med hyse, kviting, sjøkreps, raudspette og tunge. I det norske fisket vert litt over halvparten teken med garn, ein firedel med line og ein femdel med trål. Alle land som grenser til Nordsjøen fisker torsk, med Danmark, Storbritannia og Noreg som dei viktigaste dei siste åra. Ei utviding av programmet for fullt kameraovervaka fiskeri (FDF) i 2010–2013 for Skottland, Danmark, Tyskland og England er venta å ha bidrege til reduksjon i torskedøyringa. I FDF-programmet er alt utkast av torsk forbode i Storbritannia, medan danske og tyske deltakarar kan kaste ut torsk under minstemålet.



Bestand og fangst av torsk i Nordsjøen, Den engelske kanal og Skagerrak.
Stock size and total catch of cod in the North Sea, the Eastern Channel and Skagerrak.

Kontaktpersonar: Jennifer Devine | jennifer.devine@imr.no og Irene Huse

NORDSJØEN/SKAGERRAK OG DEN AUSTLEGE ENGELSKE KANAL

Torsk – *Gadus morhua* – Cod

Familie: Gadidae (torskfamilien)

Maks storleik: 100 cm og 20 kg

Levetid: 15 år

Leveområde: Nordsjøen/Skagerrak

Gyteområde: Den engelske kanal, Dogger og langs skotskekysten

Gytetidspunkt: Januar–april

Føde: Krepsdyr og fisk

Nøkkeltal:


KVOTERÅD 2014: 28 809 (landingar) tonn (inkluderer Den austlege engelske kanal)

TOTALKVOTE/NORSK KVOTE (NORDSJØEN): 26 475 / 4 501 tonn

TOTALKVOTE/NORSK KVOTE (SKAGERRAK): 3 783 / 123 tonn

TOTALFANGST/NORSK FANGST 2012: 30 960 tonn / 5 006 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2012: ca. 85 mill. kroner



Fakta om bestanden:

Torsk finst på begge sider av det nordlege Atlanterhavet. Utanom bestanden i Nordsjøen har vi bestandar i Austersjøen, Kattegat, Irskesjøen, ved Færøyane, Island, norskekysten, Barentshavet, aust- og vestkysten av Grønland, og langs Canada og USA sør til Cape Hatteras (35° 10'N). I Europa finst den sør til Biscaya.

Torsk i Nordsjøen er stort sett stadbunden, og vi reknar med at det finst fleire lokale stammar med gytefelt, mellom anna i Den engelske kanal, ved Dogger og langs kysten av Skottland. Det finst likevel ikkje klare skiljeliner mellom stammane, og gytinga kan skje i heile Nordsjøen.

Gytetida er frå januar til april, tidlegast i sør, og egg vert klekte etter to til tre veker. Dei viktigaste oppvekstområda er langs danskekysten og i Tyskebukta. Det finst vanlegvis også ein god del yngel kring Shetland. Torsken i Nordsjøen veks raskare og vert tidlegare kjønnsmoden enn torsken i Barentshavet, men har eit kortare liv.

Torsken lever i hovudsak på botnen, men kan gå høgt i vatnet for å beite på fiskestimar. Føda varierer med storleik og alder. Medan ung torsk et mykje krepsdyr, vil den etter kvart som den veks, ete meir og meir fisk, slik som augepål, tobis og sild. Torsken er ein utprega kannibal, og opptil tre år gammal torsk kan bli eten av større torsk.